

20 årsjubileum Minidyrskuen på Søve 01.06.24

Fyrst må eg få lov til å takke for at de steller i stand eit slikt flott arrangement år etter år, og for at eg i år har blitt invitert til å halde tale på denne jubileumsdagen. Eg blei veldig overraska, glad og stolt når Atle Røed ringte meg og spurte om eg ville koma hit i dag. Eg svara «JA» med ei gong. Kanskje litt uvitande om kva eg hadde svara ja til, men eg har gleda meg til denne dagen ei stund no.

Søves minidyrskue har 20 års jubileum. Dette kan derfor bli ei skikkeleg festtale! Festtale har liksom blitt eit negativt lada ord, men dette skal bli ei festtale basera på ei god og sann historie og med eit sterkt håp om at desse 20 fyste åra med Minidyrskue bare er starten!

Når Atle ringte meg i vår stod eg på Eidsvoll's plass, sammen med ca. 1000 andre bøndar, framom Stortinget under behandlinga av stortingsmelding nr. 11, «Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket».

Eg var der fordi landbruk og mat betyr mykje for meg. Det er viktig for oss alle, både i dag og i framtida. Å gange sammen med andre bøndar med «bondegenser» i Oslo, når forbipasserande gjev tommel opp og heia rop, - det gjev ein boost. Det gjev tru på at me har ein betydningsfull jobb, også for andre. Og der gjer meg til ein stolt bonde!

Noko av det viktigste me bøndar kan gjera, i tillegg til å drive jorda vår og produsere mat, er å fortelje om det.

At Søve i 2002 starta opp med Minidyrskuen er bare heilt fantastisk, det er ein perfekt arena til å fortelje om og vise matproduksjon.

Eit lågterskel familiearrangement som er både kvardagsleg og eksotisk på ei gong. Det er heilt utruleg kva de får til. Gardsdrifta blir vist fram, her er maskiner og utstyr, dyr, aktivitetar og tevlingar. Her er til og med fint vêr! Fornøgde folk i alle aldrar! Eit publikumstal som tydeleg viser at dette er populært og at det er mange som set stor pris på å ha ein slik godt til rettelagt møteplass som Minidyrskuen og Søve er.

Her har vore skuledrift sidan 1893, noko som er ganske imponerande i seg sjølv! Skulen har, som alle andre, hatt opp- og nedturar, varierende søknadstal, men likevel heile tida utvikla seg og fylgt med på kva som er populært til ei kvar tid. Det ser me no med satsing på hest, dyrepleiar, gardsbutikk og ei moderne skogbruks linje. Og i tidlegare tider, - husmorskulen, kven den var mest populær for kan kanskje diskuterast, men det gjorde nok det å finne seg ein partner iløpet av utdanninga ein del hakk enklare. Samtidig har skulen hegna om det tradisjonelle landbruket og matproduksjonen.

Landbruk og matproduksjon er enormt kunnskapskrevjande. Det har det vore og det kjem det også til å vera i framtida. Det er ingenting som kjem av seg sjølv og det er ingenting som blir enklare. Verden og klima er i endring- også her hjå oss. Me må tilpasse produksjonane våre til endra klimatiske forhold, til nye forventningar og krav frå både forbrukar, varemottakar og frå staten. Dette set store krav til oss bønder og til utdanningsinstitusjonane innan landbruket.

Telemark Bondelag ønsker sterkt at Nome vgs avd Søve skal vera i toppen av det framtidsretta laget av landbruksskular som skal gje oss gode matprodusentar som er rigga for tida som kjem. Det er eit sterkt behov for rekrutering i landbruket. Landbruk er framleis mykje tradisjon, men også ei næring der teknologi, robotisering og utvikling går i ein enorm fart. For at skulen skal klare å henge med trengs det gode samarbeidspartnerar. Det trengs trygge rammer.

Og det trengs midlar til investeringar. Det håpar eg fylkestinget i Telemark er klar over og set høgt på prioriteringslista si! Det har så mykje å sei for læringa og miljøet på skulen for både elevar og lærerar. Det er avgjerande for at skulen kan halde fram med å utdanne og gje gode tilbod til mange ulike typar elevar. Her er elevar som kjem rett frå ungdomsskulen, elevar som har behov for ekstra tilrettelegging i meir eller mindre grad, her er også elevar som i meir vaksen alder har funne ut at kunnskap om jorbruk og matproduksjon er viktig å tilegne seg. Me treng at alle som vil ta ei utdanning innan dei grønne yrkesvegane får eit tilbod med god kvalitet. Det kan Søve bidra med!

Minidyrskuen her på Søve er eit flott arrangement der elevar, lærerar og andre samarbeidspartnarar skaper noko heilt unikt sammen, - ikkje bare for oss som har tatt turen hit i dag, men også for seg sjølv. Det er mykje læring i å arrangere noko som dette og det har ein stor verdi som er nyttig å ha med seg i erfaringssekken vidare i livet

Ver stolt av jobben de gjer!

Gratulere med dagen i dag og med den tjuende Minidyrskuen!